

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 121, FA - C00	14/915

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2014	Kommunestyret	PS	18.09.2014

### Regional kulturplan for Hordaland - høyringsfråsegn

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev fråsegn til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og ber om at følgjande tema vert drøfta nærmare og eventuelt innarbeidd/ synleggjort i det endelege plandokumentet:

- Konsolidering av Bjørn West-museet må komma inn under museumsloftet
- Kulturbasert næringsutvikling og behov for å utvikla fleire opplevingssenter for større verna naturområde i Hordaland, t.d. eit senter for landskapsvernområde for Stølsheimen
- Konkretisering av folkebiblioteka sin status med målsetting om å oppretthalde dei med kort avstand for brukarane, og med strategiar for å utvikla desse viktige møteplassane vidare.
- Nynorsken sin status i fylket bør drøftast betre i planen, og det bør formulerast strategiar for å ta vare på og utvikla dette skriftspråket sin status i Hordaland.
- Nordhordland sitt behov for å få eiga studieretning innanfor musikk, dans og drama bør drøftast i planen
- Behovet for å styrka finansieringa av universelt utforma friområde/friluftsområde bør drøftast og konkretiserast meir i planen

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

Fylkeskommunen har sendt Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 ut på høyring. Høyringsfristen er 26. september. Hovudformålet med planen er «å skapa grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer» (s.5). Regional kulturplan inneheld visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde. Dei konkrete tiltaka finst i det fireårige handlingsprogrammet som skal rullerast årleg i samband med Hordaland fylkeskommune sin budsjettprosess. Den nye regionale kulturplanen skal erstatta fem ulike planar for kulturområdet.

## **Vurdering**

Regional kulturplan er eit omfattande dokument der alle sider ved fylkeskommunal kulturpolitikk er handsama. Masfjorden kommune har ikkje i denne høyringsfråsegna gått inn på alle område i planen, men vil framheva nokre punkt som me synest er særleg viktige.

Masfjorden kommune sende 26.11.2013 innspel til planprogram for regional kulturplan som då var ute på høyring. Dette innspelet handla om at kommunen ønskjer å etablera eit opplevingsssenter for Stølsheimen og eit nytt utstillingsvindaug for Bjørn West-museet. Det er ingen konkrete tiltak som har fått plass i Regional kulturplan, planen handlar i stor grad om overordna målsetjingar.

## **Høyring**

Masfjorden kommune vil i denne høyringa særleg konsentrera seg om desse områda:

### Kulturminnevern og museum

Arbeid er i gang med å få Bjørn West-museet inn under ei av dei konsoliderte museumseiningane Museum Vest eller Museumssenteret i Hordaland. Bjørn West-museet fortel ei historie som femner langt vidare enn Masfjorden kommune, og det må difor vera i fylkeskommunen si interesse å utvikla museet vidare. Konsolidering av Bjørn West-museet må komma inn under museumsløftet og prioriterast i fyrste fireårsperiode. Masfjorden kommune vil i den samanheng òg visa til den høyringsfråsegna me sende inn til planprogrammet. Kulturbasert næringsutvikling er eit satsingsområde i planen og me vil meina at ei konsolidering av Bjørn West-museet vil vera eit fyrste steg på vegen mot å få til eit opplevingsssenter for Stølsheimen. Masfjorden har òg museum som har kystkultur som tema. I museumsløftet bør det vera rom for økonomisk støtte til vidareutvikling av eit slikt museum.

### Bibliotek

Ei målsetjing i planen for bibliotek er at innbyggjarane skal møte attraktive bibliotek i kvart regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Biblioteklova seier at det skal vera folkebibliotek i kvart kommune. Planen skal gå fram til 2025. Me veit at kommunestrukturen vil vera ein annan når me kjem så langt. Fylkeskommunen må ivareta bibliotektilbodet for alle innbyggjarar også etter at kommunegrensene er endra. Det er viktig at alle innbyggjarane får like og gode bibliotektilbod og at innbyggjarane har kort avstand til biblioteket sitt og at biblioteket er der som ein uformell møteplass for alle samfunnslag.

Sterke lokale folkebibliotek er viktige for samarbeidet med grunnskulane i kommunen. Ikkje alle skular har gode nok skulebibliotek. Folkebiblioteka er viktige både som formidlarar, for å koordinera lesekampanjar, hjelpa med innkjøp, innlån og katalogisering. Folkebiblioteka bør difor ha som mål å vera eit ressurscenter for leselyst både blant unge og eldre. Modellbibliotek er viktig, men dei mindre folkebiblioteka vil og vera viktige, ikkje minst for barn og unge.

Planen vil støtta «meiropne» bibliotek. I «meiropne» ligg det at lånarane skal kunne bruka biblioteka utan at det er personale til stades. Personalet vil også i framtida vera ein viktig ressurs. Det er difor bra at planen legg opp til å gjennomføra kompetanseheving av bibliotektilsette.

Planen seier lite om styrking av nynorsk. Når vi ser korleis bokmålet spreier seg langt utover det som tidlegare var gode nynorskdistrikt, trengs det at nynorsk får auka fokus om det ikkje skal forsvinna.

### Kunstproduksjon og kunstformidling

I Nordhordland er det ingen av dei vidaregåande skulane som tilbyr studieretning musikk, dans og drama. Elevar som ønskjer å gå den vegen må flytta ut av regionen. Eit slikt tilbod vil og vera ei

styrking av tilbodet som kulturskulane gjev. Nordhordland er og den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, og dette er eit sagn, særskilt med tanke på at kulturmiljøet med brasbanda i spissen, er sterkt.

#### Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet er viktig for folk si fysiske og mentale helse, for trivsel og leik. Det er difor viktig å legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet anten det er gjennom idrettslag, uorganisert aktivitet eller friluftsliv.

Den forma for aktivitet flest deltar i, er friluftaktivitetar. Tiltaket om å leggja til rette for minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune er positivt og kan gjera det lettare for fleire å ta i bruk naturen. Det er i dag eit stort etterslep på finansiering av både nærmiljøanlegg og større anlegg, med opptil 5 års ventetid på å få utbetalt spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen må arbeida for å redusere ventetida.

#### **Konklusjon**

Regional kulturplan for Hordaland er ein stor og ambisiøs plan som femner over mange felt som er viktige for god livskvalitet for innbyggjarane våre. Men planen er på mange område altfor lite konkret og forpliktande.

### **Kommunestyret - 051/2014**

#### **KS - behandling:**

I denne saka var det 14 kommunestyremedlemmer tilstades.  
Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Masfjorden kommune gjev fråsegn til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 og ber om at følgjande tema vert drøfta nærmare og eventuelt innarbeidd/ synleggjort i det endelege plandokumentet:**

**- Konsolidering av Bjørn West-museet må komma inn under museumsloftet**

**- Kulturbasert næringsutvikling og behov for å utvikla fleire opplevingscenter for større verna naturområde i Hordaland, t.d. eit senter for landskapsvernområde for Stølsheimen**

- Konkretisering av folkebiblioteka sin status med målsetting om å oppretthalde dei med kort avstand for brukarane, og med strategiar for å utvikla desse viktige møteplassane vidare.
- Nynorsken sin status i fylket bør drøftast betre i planen, og det bør formulerast strategiar for å ta vare på og utvikla dette skriftspråket sin status i Hordaland.
- Nordhordland sitt behov for å få eiga studieretning innanfor musikk, dans og drama bør drøftast i planen
- Behovet for å styrka finansieringa av universelt utforma friområde/friluftsområde bør drøftast og konkretiserast meir i planen